



## Reformasjonsjubileet

I 2017, på dagen 31. oktober, er det 500 år sidan Martin Luther hengde opp 95 tesar på kyrkjedøra i Wittenberg. Tesane blei opptakten til reformasjonen og starten på ein reformprosess som gav oss ein luthersk kyrkje.

**Reformasjonsjubileet er eit storhende i kyrkja. Kyrkelydar, organisasjonar og enkeltgrupper blir utfordra til å setje jubileumsfeiringa på lokal dagsorden. Etabler gjerne lokal prosjektgruppe! Der kan de leggje til rette for dei ulike tiltaka, der kan de planlegge temagudstenester, salmekveldar og andre reformasjonsfokus. Samarbeid med gode krefter, ta kontakt med kulturformidlarar, med museumsfolk og med skule. Inviter gjerne andre til å setje fokus på lokale avtrykk frå reformasjon og 500 år med ei luthersk nasjonalkyrkje. Her er mykje å gripe fatt i!**

### 4 temagudstenester

Hausten 2017 skal det i alle kyrkjer haldast 4 temagudstenester i kyrkjene. Saman med andre lutherske kyrkjer, har den norske Kyrkja valt å formulere 4 tema for gudstenestene. Dette er «Nåden åleine», «Frelsa er ikkje til sals», Menneske er ikkje til sals» og «Skaparverket er ikkje til sals.

Gudstenestene blir høgtida i heile bispedømmet. Tanken er at temaet: «Nåden åleine» skal vere tema for bispedømmet sine gudstenester **27. august**. Biskopen vil då ta del på feiringa i Volda kyrkje. **17. september** er temaet: «Skaparverket er ikkje til sals», og biskopen deltar på gudsteneste i Ålesund kirke. **15. oktober** er temaet: «Frelsa er ikkje til sals. Dersom det er vanskeleg å feire temagudsteneste denne sundagen, anten på grunn av haustferie eller anna, kan feiringa leggjast til **29. okt**. Denne dagen deltar biskopen på reformasjonsfeiring og kyrkjesongfest i Molde Domkirke. Og den siste temagudstenesta, den **19. november** har tema: «Menneske er ikkje til sals». Då tar biskopen del i gudstenestefeiringa i Kirklandet kirke i Kristiansund.

Dei 4 temagudstenestene vil på mange vis vere den breiaste markeringa i jubileet. Kyrkjelydar, prestar, sokneråd og tilsette blir utfordra til å samarbeide breitt om å skape gode jubileumsgudstenester. Bruk fantasi og engasjement! Kan hende er det ein god ide å invitere andre til å preike over temaformuleringane, eller ein kan invitere ulike samfunnsaktørar til å samarbeide om gudstenesteopplegget. Gå saman om god tilrettelegging! Om lokale tilhøve hindrar feiring på aktuelle datoar, bruk alternative datoar, eller inviter kyrkjelyden med til nabokyrkja for å ta del i feiringa der. Det viktigaste er at de feirar!

### To storarrangement på bispedømmenivå

Det eine hovudarrangementet er lagt til Bud. Bud kyrkje er i jubileumsåret 300 år, og det siste riksmøtet i Bud blei halde i 1533, så staden har solid forankra kyrkjehistorie å vise til. Romsdalsmuseet er alt engasjert til å vere med i utforminga av markeringa der, som skjer

**laurdag 23 september 2017.** Det andre hovudarrangementet skjer i samarbeid med Høgskulen i Volda og er lagt til kyrkjefestveka i Volda og datert til **laurdag 21. oktober 2017.** Då ligg då an til seminar og konserter. Merk av desse datoane og planlegg brei deltaking frå kyrkjelydane!

### **Evangeliet skal syngjast**

Reformasjonen gav impulsar til kyrkjelyden sin song. Sjølv startskotet på reformasjonsjubileet er lagt til Molde domkyrkje **fredag 6. januar, kl. 13.00.** Då inviterar bispedømmet alle til reformasjonssongfesten «Eit nådens år». Her vil biskop Ingeborg ta imot, vi får presentert nye jazz-inspirerte melodiar til kjente Luther-tekstar og lærarar/evevar frå Molde Kulturskole stiller opp. Kantorane stiller sterkt med songoppgåver og frå orgelkrakken, medan blåsarar gir løft og fest til songen som denne dagen skal fylle domkyrkja. Arrangementet er ope for alle og ein håpar at både tilsette og mange andre kjem syngjande saman i denne første av refomasjonsjubiléet sin markeringar.

Vidare arbeider domprost Olav Gading med å presentere eit knippe med kjernesalmar og vil etter kvart presentere ide og opplegg til lokale salmekveldar som kyrkjelydane kan bruke i jubileumsåret. Kan skuleklassar/kor/solistar utfordrast til å øve inn kjernesalmar og framføre dei på lokale salmekveldar, eller kan salmane bli ein del av kyrkjelyden sitt salmerepertoar? Dei største arrangørane av kyrkjesongfestar, kyrkjemusikkfestar og kulturfestivalar blir også utfordra til å markere reformasjonsjubileet i deira program. I samband med visitasar vil også biskopen dele ut salmebøker og ha fokus på jubileet i møte med representantar frå skuleverket og kommune.

### **7 førestillingar om «Nåde 2017»**

Kyrkjerådet har invitert kunstnarar og forfattarar til å lage 7 ulike framsyningar til temaet «Nåde 2017» Framsyningane er tilrettelagt for kyrkjerommet, og dei rettar seg mot ulike grupper og aldrar. I Møre bispedømme er Marit Kaldhol forfattar og førestillinga blir sett opp i regi av Inger Bakke. Målgruppa er barn og unge i ungdomsskulealder. Førestillingane ambulerer, og vil for det meste turnere innanfor eige kjerneområde. Ein kan tenkje seg framsyningar som eigne arrangement, eller ein kan sjå for seg at framsyningane blir vist i samband med trusopplæringstiltak, eller som delprogram ved kyrkjelydsveker av ulikt slag.

### **Studieprosjekt**

Som ein del av jubileumsfeiringa skal også alle prestar delta i eit studieopplegget «Reformasjon nå» hausten 2016 og vår 2017. Studieopplegget er utvikla av dei teologiske lærestadane og gir studiepoeng. Prostane er nøkkelpersonar i denne tilrettelegginga og gjennomføring av studieprogrammet.

### **Prosjektgruppe for reformasjonsjubileet**

Når kyrkja no skal feire 500-års-jubileet, ser ein at få andre aktørar har spelt større rolle i norsk samfunnsliv enn den lutherske kyrkja. Ikkje berre har vi ei luthersk folkekyrkje, men reformasjonsarven har også gitt innhald og retning til mykje av samfunnsutviklinga. Vi ser tydelege spor etter reformasjonen i framveksten av skule og pleie. Dei kristne og lutherske verdiane har prega tenking og moral, og misjonen har vore med på å opne vindauge mot verda. Det er allereie registrert lokale initiativ til markering av jubileet. Ha opne auge og sansar for samarbeid! Det er i reformatorisk tradisjon når kyrkja spelar på lag med gode krefter rundt seg!

Bispedømmerådet har etablert ei prosjektgruppe med ansvar for å arrangere, leggje til rette for og koordinere feiringa. Her presenterer prosjektgruppa bispedømmerådet sine planar for jubileet. Jubileet skal feirast i heile kyrkja og på mange arenaer. Nokre arrangement er nasjonale, andre regionale, men sterkast ønskjer ein at jubileet får tydeleg lokal forankring. Det er denne sin intensjon å bidra til at lokale planar og engasjement får form. Møre bispedømme vil gjerne gjere kjent og gi merksemd til det som skjer lokalt, og ber om at de sender inn informasjon og omtale til heimesida vår!

Etter kvart kjem det meir informasjon og presentasjon av ressursar til feiringa. Ta kontakt og del gjerne av gode lokale initiativ og planar.